

LEKMANNSMISJONEN

Oppbyggeleg blad gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 1

Februar 1965

1. årgang

Guds ensidige nådepakt

Då mange står spørjande til kva for ei pakt dette er, so fekk eg hug til å prøva gi eit svar ut frå Guds ord. Måtte du som les dette få nåde til å sjå og oppleva Guds *frie* gåva til deg: Jesus Kristus komen i kjøt for di skuld og for dine synder.

Gud gav oss ei pakt gjennom sin tenar Moses på Sinai fjell. Det var ei lovpakt, som kom med bod og fyresegner om Guds heilage og rettferdige krav til menneska. Lova krev ikkje berre at me skal fylgja dei ti bordorda slik i det ytre, men den krev heile hjarta. «*Du skal elska Gud over alle ting, og nesten din som deg sjølv*», sa Jesus. Slik møter me kravet i lova: *Gjer det, so skal du leva!* Dette er ei gjensidig pakt, grunna på noko eg skulle gjera eller lata vera å gjera. Maktar me dette, so lovar Gud at me skal leva ved det. Men Guds ord viser oss at ingen maktar å fylla desse krava lenger enn til å bli lytelause i eigne augo. Skulle det lukkast for Guds augo, måtte me bli Jesus lik og heilag som Gud, ikledde Himmelens klænad. Frelsa er noko langt større og meir enn å halda Guds lov i det ytre og etter menneske sin tankegang.

For å kunna møta ein heilag og rettferdig Gud, so kan der ikkje finnast det

minste grann av synd hjå oss. Eit vakt menneske opplever alltid dette med spørsmålet: Kva skal eg gjera? Slik spurde den rike unge mannen og slik spurde Nikodemus. Slik har også eg og du spurt, leita og søkt. *Men me er alle åndeleg blindfødde*, og kan ikkje sjå nåden i Jesus Kristus utan at me vert fødd på ny ved Den heilage Ande. Nikodemus fekk sjå Guds frelsa då Jesus viste han til korset. Kva er då vår vilje i kallet? Det er å høyra etter kva Gud vitnar om son sin. Me har ingen vilje til å søkja Gud, det ser me av Rom. 3, 10—12 og 8, 7. *Men Jesus seier at dei som høyrrer røysta åt Guds son og lyder på henne, dei skal leva.*

Då skulle det vera klårt at me får evig liv åleine ved å høyra ordet om Jesus som verda sin frelsar. Ikkje av gjerningar, for lova er maktlaus på grunn av kjøtet, og den kan ikkje gi liv. Derfor har Gud frå evige tider gitt oss ei nådepakt i Jesus Kristus. Når den Heilage Ande overtyder deg om at du er fortapt utan Jesus, så er det sanninga han forkynner deg. Den dagen du trur det, ropar du etter frelse.

Slike viser Guds ord til Guds nådepakt, som forkynner at Guds rettferdige dom over synda og syndaren vart lagt på Jesus. «Straffa vart lagt på

Han» les me i Esaias 53. Guds nådepakt er at ein rettferdig døydde for urettferdige, ein uskyldig for skyldige. Den vart gitt til Adam og Eva etter fallet som ein lovnad om det som skulle koma. Og Gud gav Abraham lovnad om at i *hans ætt* skulle alle folk på jorda verta velsigna. Ordet seier at Abrahams ætt, det er alle som har motteke Jesus som sin frelsar, *etter ein lovnad*. Altså på same vis som Abraham, utan krav eller betingelser. Såleis vart lovnaden om Jesus som verda sin frelsar, gitt oss *400 år før lova kom*. Du eig ingen ting til å betala di synd og skuld med for Gud, men evangeliet viser deg til Jesus og korset. Ordet fortel at det var *våre* synder han bar, og *vår* straff han leid, at synda *er* boren bort som fordømingårsak. For det står skrive at han bar skuldbrevet *på sin lekam* opp på krossen, og rudde det undan, derfor er me kjøpte fri. Blodet har runne, for utan at blod vert utrent kan ingen få forlating. Hebr. 9, 22.

Nå er Gud forlikt med verda, men er du forlikt med Gud? «Og etter *sin vilje* Har *han* atterfødt oss *ved sannings ord!*» I Peters 1, 3 og 23. Atterføding ved andre midlar er ubibelsk. Når Ånden legg sanninga om Jesus inn i hjarta vert eit menneske frelst. Trua kjem ved å høyra om Jesus, for «den som ser sonen og trur på han har evig liv og kjem ikkje fordømt.» Evig liv ved synet på Jesus. Då ser du han som bar *dine synder*, og av fri, ufortent nåde frelste deg frå ei evig fortaping og gav deg evig liv. Når alt dette vert ditt ved å høyra og sjå, kvar vert det så av di forteneasta? Vert det noko gjensidig? Nei, du ser at Gud har gjort alt utanom oss, ved vår stedfortredar eller mellommann Jesus. Eg har gjort ei pakt med min utvalde (Jesus).

Salme 89, 4. «Det er ikkje som med den pakta eg gjorde med fedrene deira.» Hebr. 8, 9. «Nei, no er det ei *hævere pakt* som Jesus er mellommann for.» Hebr. 8, 6. 7, 22 og 12, 24. Denne pakta er ei nådepakt. Den er einsidig, for den stiller ikkje krav til andre enn han som gav pakta.

«Eit bod som før galdt vert avlyst avdi det var maktlaust og gagnlaust.» Hebr. 7, 18. Har du lese det at lova er avlyst som grunn til vår frelsa? Ho var udugeleg til dette. All vår visdom og kunnskap vert for Gud ein dårskap, for frelsa kan ikkje takast imot med vår forstand. Nei, «for det var Guds vilje *ved dårskapen i denne forkynninga* å frelsa dei som trur.» Han har ved ordet om korset gjort dei vise sin visdom til skamme, og openbart det for dei umyndige, barnslege og forkomne. Derfor skal rettferdiggjering ved tru utan gjerningar gis til den ugudlege. Du blir frelst av ufortent nåde ved utløysinga i Kristus Jesus. Dette er ei god samvits pakt med Gud, ei fri pakt som fører til fridom. Det er for denne pakta at Jesus sit som øvsteprest ved Faderens høgre hand som vår talsmann.

Måtte Herrens Ånd ta dekke bort for alle som enno les Moses og trur at det er brødet frå Gud. Jesus åleine er det levande brødet frå Himmelen som kom ned for å gi verda liv. *Tenarar for denne nye pakta er berre dei som er frigjorde frå den gamle.* I Kor. 3, 6.

Skynar du nå kjære lesar kva den einsidige pakta er? Det er Guds kjærleik til deg i Kristus Jesus, som kjøpte deg fri frå lova si forbanning.

Alt ditt var stengt inn under synd, og du ville gått evig fortapt sjølv om du berre i eit einaste krav var skyldig for Gud. Men nå er alle Guds krav til rettferd, heilaggjering og herleggjering

Bladet Lekmannsmisjonen

Utgjevarpoststad :
 Stord, postgironr. 42887
 Red.: Amund LId, Norheimsund
 Ekspedisjon :
 Margr. Skumsnes, Kårevik, Stord
S. Botnens Boktrykkeri, Stord
 Norsk Luthersk Lekmannsmisj. :
 Formann : Olav A. Dahl,
 boks 95, Stord. Tlf. 69
 Kasserar : Sverre Bøhn,
 Norheimsund, postgiro nr. 68213
 Bankgiro : Vikøy Sparebank
 Norheimsund 10093/955

oppfylt i Kristus. Dette er den guds-frykta sin løyndom som nå er openberra for oss i nådens tid. Reknar du endå med noko av di rettferd for Gud, ved noko av ditt eige? Då aktar du endå hans nåde for ikkje. Då trakkar du hans sons blod under dine føter, og gjer Gud til ein løgnar. Vil du det? Nei, seier du. Men då er evangeliet, for deg som ingen ting kan tru eller gjera, eit nåde-tilbod frå himmelens Gud. Ha det klart for deg at av deg sjølv kan du aldri ta imot dette, det er Andens verk. Din vilje i omvendinga er å gi Gud rett og *å la deg frelsa*. Så vil du i gjenfødninga sjå eit syn som du aldri før trudde var mogeleg — at Gud alt er forlikt med deg i Kristus. Som Nikodemus kom inn i Guds rike ved å høyra, vil også trua koma i ditt hjarta ved å høyra om Jēsu stedfortredande teneste for deg. Noko anna skaper aldri tru. *Derfor må Jesus bli forkynnt som krossfest for menneska*. Då både ser og høyrer du deg frelst. Skrifta seier det er fullført for alle, og dermed også for deg.

Dette er den pakta eg vil oppretta etter dei dagane, seier Herren. Nå lever me etter lovens dagar i nådens tid, og ropet lyder : Alt er ferdig, kom ! Og Gud seier at hans fredspakt skal ikkje

svikta, for han har gitt oss ei ævelg pakt. «Når eg tek bort syndene deira, så er det pakta mi med dei.» Det er han som bar syndene våre opp på treet som seier dette. Er han å lita på? Endå gjerningane er fullførde og synda er sona, so lever framleis dei fleste menneske i ei falsk von om å tilfredsstille Gud med sine gjerningar. Men skrifta viser klårt at det er berre den som kjem til Gud ved Jesus som blir frelst. I evangeliet om Jesus kjem Gud syndaren i møte, og seier at «min nåde er deg nok.» Nok til å løysa deg ut og føra deg frelst heim til Gud. «For so sant me, då me var Guds fiendar, vart forlikte med han ved døden åt son hans so skal me no som me er forlikte, so mykje meir verta *frelste ved hans liv*.» Kristus er vårt liv. «For den døden han døydde, den døydde han ein gong for synda, men det livet han lever, det lever han for Gud. Soleis lyt de og rekna dykk for døde for synda, men levande for Gud i Kristus Jesus.»

«Jesus er lovens ende, til rettferd for kvar den som trur». Dette er Guds gåve til deg, og til alle fortapte syndarar som vil ha den ufortent. Ved trua blir me eitt med Jesus, og når Jesus vårt liv vert openberra so skal me openberast med han i herlegdom.

Josef Nilsen.

BLADET

Namnet på bladet blei Lekmannsmisjonen, då me ikkje fekk noko betre framlegg som ikkje alt var oppteke.

Det blir sendt ut gratis. Frivillige gaver til bladet kan sendast til postgiro nr. 42887, Stord. Inntil det er ordna med postverket må me kanskje senda første nummer som trykksak. Så er det vårt håp at Gud vil velsigna bladet.

Med helsing red.

Personleg frelsesoppleving

«Mine augo har sett di frelsa.» Luk. 2, 30. Simon heldt Jesusbarnet i armene sine og såg i det si frelse og folket si einaste berging.

Gud den allmechtige skaparen førebur frelsa i historia: Han vel ut og leider folket sitt, Israel, der Frelsaren kjem, lever, virkar og blir krossfest. Då tida var fullkomen sende Gud sonen sin. I Han fullførest Guds gjerning — frelsesverket. Og dette vart godkjent og stadfest av Gud då han reiste Han opp frå dei døde og sette Han ved si høgre hand i det høge.

Og den tredje personen i Gud: Den heilage Anden, han tek av dette Frelsarens verk, stadfesta av Gud, og lærer oss. Fyrst syner han oss at me må ha slik ei frelse, ved å syna oss og overtyda oss om vår synd. Og for det andre er det han som viser oss til Kristus. Og til det brukar han Guds ord og forkynninga etter skriftene. *Der ser me Guds frelse.* Det var Anden som dreiv Simon til templet, der han fekk sjå Jesus som Guds frelse for alle folk. *Sjå og les både Det gamle testamente og Det nye testamente i dette lys.* Luk. 24, 25—27.

Har du, lesar, sett Guds frelse? Har du ikkje det, så skynar du ingenting av det vesentlege i kristendomen, eller det sentrale i Bibelen, og du står den tre-einige og allmechtige Gud i mot. Eg ynskar deg då ei «vond» jul, så du verkeleg kan få ei god og signerik jul. For ser du ikkje at du er fortapt på grunn av synda di, så er du åndeleg blind og døvd for Bibelens juleevangelium, og julehelga blir då berre «et tradisjonelt frådseri.»

Ser me no kvifor Guds-sonen også vart Menneskesonen og budde ilag med

oss, så finn me at Skrifta er utvitydig klar — for synda si skuld. Fordi det ikkje fanst eit einaste menneske som var rettferdig eller kunne bli det. «Det finst ingen rettferdig, — ingen vitug, — ingen som søker Gud. Alle er avvikne, — duglause vortne, — ingen gjer godt, det finst ikkje ein einaste ein.» Rom. 3, 10 - fylgj. Altså: Fortapte! Men nettopp for slike udugande vortne og gudfiendske var det Jesus kom. «Menneskesonen er komen for å frelsa det som var fortapt.» «Fine» religiøse folk, som inga frelse treng frå helvete, dei kan heller ikkje feira jul.

Sjå påske-evangeliet i jule-evangeliet!

Ser me vidare på korleis Jesus vart frelsaren vår, så er også skrifta utvitydig klart. Me skal her berre nemna dette: Kristus vart menneske *for å ta syndene våre på seg.* «Han bar våre synder på lekamen sin opp på treet.» Og der fekk synda vår si straff i Jesu lekam. Synd vart såleis fordømt i kjøtet, i Jesu kjøt. Og fordi dette skjedde i Menneske-sonen, stedfortredaren vår, så vart derved også synda frådømt retten til å herska i menneskeslekta. «Ein døydde for alle, derfor har dei alle døydt.» Kor. 5, 15. «Straffa vart lagd på han, for at me skulle ha fred.» «Fred på jorda, og hugnad med menneske», song englane.

Det var altså ikkje berre fordi Jesus var så snild med fiendane sine at han døydde, men det var *for syndene våre.* — Og dette er etter skriftene. 1. Kor. 15, 3. Derfor heiter det: «Menneskesonen er komen for å gi livet sitt til løysepeng for mange.» - Sjå påske-evangeliet i jule-evangeliet!

Sjå så også pinse-evangeliet i jule-evangeliet !

«Den Heilage Anden var over han.» v. 25. «Og det var Anden som dreiv han» — til Jesus. Merk deg det ! Og det var Anden som gjorde at Simon såg Guds frelse i Jesus-barnet. For der Jesus er, der er både Faderen og Anden. «For i han bur heile guddomsfylla lekamleg.» Kol. 2, 9.

Sann Åndsfylde er altså Kristusfylde ! — «Nu ble forsoningen tydet oss herlig !» Ser du pinseevangeliet i påske-evangeliet ?

No er det ikkje slik å forstå at Gud etter han sende Sonen sin, ikkje tek det så nøye med lova lenger. Nei, tvert imot, det var «for at lovkravet skulle verta fullnøgd i oss, me som ikkje ferdast etter kjøtet men etter Anden.» Rom. 8, 4. Og «dei som let Anden råda, trår etter det som høyrer Anden til.» Rom. 8, 5. «Eg har mi glede i Guds lov etter mitt indre menneske.» Rom. 7, 22. Lovkravet vart oppfylt i Kristus, for at det også ved Anden skulle bli oppfylt i oss. Sjå Rom. 6, 6. I kraft av Jesu liv og død veks heilage kristne fram, som kveitekornet der dør og «ber — stor grøda». «Guds nåde - oppsedar oss - til å seia ifrå oss gudløysa og dei verdslege lystene og 2) til å leva viseleg og rettferdig og gudleg i denne verda.» Men ser du ikkje gudløysa og dei verdslege lystene dine, kor kan då Heilag-

Anden få syna deg Guds frelse? *Sjå lova i lys av jule-evangeliet ! Ja, sjå heile kristenlivet og himlen i lys av juleevangeliet !*

Me kan summera heile jule-evangeliet, med påske- og pinse-evangeliet, i eit vers av Lina Sandell: Sangboken 83 :

*«Alt for å vinna seg ei utkåra brud
som kunne finna yndest og rom hjå Gud
Klædd i hans rettferds skrud.»*

Eller i eit vers av Brorson :

*«Mitt hjerte alltid vanker
i Jesu føde-rom,
der samles mine tanker
som i en hovedsum.
Der er min lengsel hjemme,
der har min tro sin skatt.
Jeg kan deg aldri glemme,
velsignet julenatt.»*

For å vinna seg ein himmel full av frelste syndarar som fullkomne og i heilag skrud saman med englane lovar og tilber Gud i evig herlegdom, derfor kom Jesus julenatt. Æra vera Gud !

Andr. A. Bø.

Dette stykke kom forseint til å bli med i julenummeret, men då det er aktuelt til alle året sine tider tek me det med her.

Red.

Nokre tankar kring naturgåva og nådegåva

Då me legg merke til at dette med nådegåvne er uklart for mange, og at det ofte vil føra til personlege vanskar og til skade for Guds rike mellom oss, så vil me sjå litt på kva skrifta seier om

dette emnet. Det kjem som framhald i bladet ei tid framover.

I det me som høyrer frå våre talarstolar og ser i vår praksis i det kristelige arbeidet, finn me ofte at mange

reknar naturgåva og nådegåva for eitt og det same.

Det kan ha stort verd å tenkja nær-mare over dette. For å ta imiss her eller å forveksla desse gåvene kan ha svære fylgjer.

Naturgåvene er dei gåver eller evner som er nedlagde i vår natur og som me ved fødselen ber med oss inn til livet. Dei er ulike hjå oss, og kan øydast eller utviklast etter det miljø og dei livskår me veks opp under. Ein kan ha fått ein klår tanke, ein annan evna til å tala — forma — sine inntrykk i ord, og ein tredje evna til å læra og til å læra frå seg til andre. Atter andre kan ha fåt evna til å styra og leida for å nemna nokre av dei som ligg nærast å forveksla med nådegåvene.

Så langt som eg skynar Guds ord, så har ikkje Gud gitt oss desse gåvene for at me skal hevda oss og koma oss opp og fram her i livet, slik som det ofte hender. Men me har fått dei for å tena det samfunnet me lever i, for å kunna fylla vår plass i den oppgåva Gud har gitt oss: «De skal veksa og aukast og fylla jorda, og leggja henne under dykk.» I Moseb. 1, 28.

Nådegåvene får berre dei som er fød-de inn i Guds rike, ved Den Heilage Ande og Guds ord, som lever og varar. Her har eg hug til å streka under at å setja seg fyre at ein vil verta ein kristen, ta standpunkt for Jesus som det heiter med eit verdsleg uttrykk, og koma med i flokken, ikkje er nok for å få nådens gåver.

Det er den som har opplevd Guds nåde i Kristus Jesus i sitt liv, slik at han vart gjenfødd til eit nytt liv med eit nytt sinn, som får nådens gåver. Det ligg i sjølve ordet, og skrifta seier at det er gåver som fylgjer med nåden.

Efes. 4, 7—11. Desse gåvene er også ulike og mange, og kan også øydast eller utviklast etter påverknad frå miljø, livskår, eller korleis dei vert brukte. Om dei er ulike, så er dei alle gitt av den same Ande, og etter som han vil. I Korint. 12, 1—11. Desse har me heller ikkje fått for å tena oss sjølve, for å koma oss opp og fram i Guds rike, eller for å bli store og kunna styra og råda. Guds ord seier klårt at me har fått dei for å tena, «for at dei heilage kunne verta fullt tilbudde til å gjera tenesta, for å byggja Kristi lekam.» Efes. 4, 12—16.

Med andre ord: for å oppbyggja og tena *det heilage samfunnet* som ein reidskap i Guds hand til å vinna og varra menenske i livssamfunnet med Gud.

Lat oss merka oss at de nådegåvene me har fått, ikkje er vår private eigedom, men samfunnet sin, og me skal gjera rekneskap for dei. Matt. 25, 14-30.

Til denne oppgåva er dei medfødde og naturlege gåvene duglause. Men for den som er fødd av Anden og har fått ei nådegåva, så tek Gud også i bruk våre naturlege gåver der dei kan gjera tenesta.

Me ser av skrifta at det er berre ved Andens verk gjennom Ordet og nådegåvene at me kan bli vakte og frelste. Ved dei når me fram til einskap i trua, og til kjennskap til Guds Son, til mogen manndom og aldersmålet for Kristi fylla. Ved dei set Gud oss i stand til å gjera tenesta og stå oss mot villfaring «For at me ikkje skal vera umyndige og lata oss kasta og driva om an kvart lærdoms ver, ved meinspel av menneska og sløgd i kunster av villfaringa, men at me true mot sanninga skal veksa opp til hovudet, Kristus.» Ved dei veks me saman til ein lekam i Kristus,

og knyttest saman til eit heilagt samfunn, som oppbyggjast i kjærleik, alt etter den verksemd som er tilmælt kvar lem. Utan nådegåvene kan ikkje Guds rika koma eller verta verande imellom oss.

Her kan me nemna eit døme frå livet. Når Haugerørsla vart til slik velsigning for vårt folk og land, så hadde det to årsaker: For det fyrste fekk Anden openberra Kristus for hjarto og gi og løysa ut nådegåvene til tenesta, og for det andre den truskap dei brukte nådegåvene med i tenesta mellom folket. Der dei for fram blei folk vakt og frelst, og det sto fram veneflokkar med nådegåver til å forkynna, læra, leida, vitna, tru, tena og hjelpe, og Kristi vitnemål vart rotfest mellom dei. Det bar si rike frukt, og nye sjeler vart lagde til samfunnet og nye gåver vart utløyste. Tenk om desse gåvene ikkje hadde vorte gitt og bruk med truskap, korleis hadde det då vore i landet vårt? Korleis står det så til hjå oss som lever i dag, med omsyn til nådegåvene? Kan det seiast om oss som Paulus sa til dei i Korint? «Eg takkar min Gud for dykk, for den Guds nåde som er dykk gjeven i Kristus Jesus, at de i han er gjorde rike på alt, på all læra og all kunnskap, etter di Kristi vitnemål har vorte rotfeste hjå dykk, så det ikkje vantar dykk noko nådegåva medan de ventar på Jesu Kristi openberring.» I Korint. 1, 4—7.

Eg veit det er dei som meiner og seier at det står bra til, for me har aldri før hatt så mange kristne i landet, så mange forkynnarar, og så rikt og stort eit kristeleg arbeid heime og ute mellom heidningane. Og det er nok rett om me ser på det utanfrå, og med eit naturleg menneske sitt auga.

Men her spørst det åleine om korleis det ser ut frå Guds, frå Ordet sin synsstad, kva Anden seier til menigheten. Korleis vil det gå oss om Gud stiller oss inn i ljuset frå Jesu brev til dei i Efesus, Sardes og Laodikea? ,

Jesus veit nok også om våre kristne gjerningar, vårt arbeid, offer og tenesta, at me seier me er rike, og treng ingen ting. Me treng nok medarbeidarar og pengar, men korleis står det til med vårt behov for nåde og lækjedom i Jesu sår? Ser han Andens fattigdom, sorga over synda som er etter Guds hug og verkar omvendingt il frelsa, og hungeren og torsten etter rettferd som blir metta ved evangeliet?

Når eg tenkjer på mykje av det som blir forkynt frå våre talarstolar i kyrkja og bedehus, lyttar til vitnemåla i våre kristne forsamlingar, og ser på det som blir bruka til å fremja det kristne arbeid mellom oss, då blir eg redd. Ordet bit ikkje på hjarta, og me må spørja kvar er den ransakande Anden som gjer ordet levande og kraftig slik at det trengjer igjennom til samvit og hjarta?

Ofte må me spørja kvar det blir av Jesus i det som vert forkynnt, og kva er målet? Vitnemålet er ein Guds reidskap til å vekkja og nøra Gudslivet, men me lyt sjå den sanning i auga at det er lenge mellom kvar gong me får høyra eit vitnemål frå ei sjel som er tent av Gud slik at det kan kallast for eit Kristi vitnemål. Og når me tenkjer på ordet frå profeten Haggai: «Akta på korleis det går dykk! De sår mykje, men får lite i hus, de et men vert ikkje mette.»

Mange ser nok ikkje dette, som dei i Laodikea, på grunn av den ytre kristeleg verksemd og rikdom. Medan andre anar det, lid under det, og spør kva år-

Frå arbeidet

Styret hadde møte den 29. des. 1964. Mellom anna blei der lagt planar for arbeidet første halvdel av 1965, og me tek med arbeidarane sine reiseruter og påskemøta her.

Jon Berg : Først Trondheim, sidan Telemark og Agder.

Ole Brandal : Varhaug saman med Aakhus, Oslo og omegn, Sannidal. Ryfylke saman med H. Kjølvik.

Andreas Bø : Hardanger (mellom anna Nå). Til disp.

Anders Eide : Til disp.

G. Hjorthaug : Sannidal (14 dag.) Namdalen, Salten, Jæren.

Amund Lid : Hardanger, Sunnhordland, Haugesundsdistr., Namdalen og Trondheim.

Reidar Linkjendalen : Ein tur til Namdalen.

Godtfred Nygård : Tysvær, Randa-berg, Hillevåg og Sunnhordland.

Margrete Skumsnes : Seim, Brekke i Sogn og til disp.

Olav Aakhus : Varhaug m/ Brand. Hardanger og Sunnhordland.

Påskemøta :

Bibelkurs på Brekkekjær Pensjonat, Brekkestø ved Lillesand i påskehelga frå 14. - 19. april. Talarar : Berg, Brandal, Nygård og Aakhus.

Send innmelding før 1 april til Margrete Skumsnes, Kårevik, Stord.

Prisen for opphaldet er kr. 28,- pr. dag. Då pensjonatet lyt nytta sommarhyttene til innkvartering, be me ungdomar ta med sovepose el. ullteppe.

Påskemøte i Namdalen, på Asheim, Klinga ved Namsos, frå 14. - 16. april. Talarar vert G. Hjorthaug og Amund Lid. Opphaldet okstar kr. 25,-, familie-moderasjon. Send innmelding innan 7. april til A. H. Aglen, Namsos, tlf. 2669 eller Jon Bratland, Bangsund, tlf. 6083.

saka er. Skal me prøva gi svar på det ut frå Guds ord, så blir svaret at det er Den Heilag Ande sin gjerning i samvitet og gjennom forkynning og vitnemål som er hindra eller heilt borte. Der Anden er borte frå ordet, forkynninga og vitnemåla, der seier Guds ord at det er tome ord som valdar mein og et om seg som daudkjøt. I det hjarta der Anden ikkje får såra og lækja, tukta og trøysta, døyda og gjera levande ved evangeliet, der blir alt tome ord og læresetningar som ikkje er mat for nådelivet. Der dette fråfallet skjer i ein kristen, ein forkynnar, eller hjå mange i ein kristenflokk, der blir også Anden sine gåver borte og me sit att med naturgåvene. Der Anden ikkje får arbeid blir det heile meneskeverk og religiøsitet, som kan sjå bra ut i det ytre samstundes som det indre Gudslivet går tilbake og dør. Slik gjekk det med dei første kristne flokkane i Efesus, Sardes og Laodikea, og me må spørja : Trur du det står betre til mellom oss?

Alt dete ytre som kristne gjerningar tenesta og aktivitet er godt der det er reidskap for Anden, men må han forlata oss då seier Guds ord at det er ikkje meire verd enn skarn og Gud må spy det ut or sin munn.

Dette har nok drege seg til umerkande gjennom lang tid, og der Anden sin gjerning blei hindra, oppsto det ein mangel på nådegåver for å halda arbeidet oppe, og då ligg det nær å ta dei naturlege gåvene og menneskelege midlar inn i arbeidet.

Framh. neste nr.